



HØGSKULEN I VOLDA

# Årsrapport 2004

Utfordringar og resultat

Nøkkeltal

Bruk av midlar

Studiepoengproduksjon





# Utfordringar og resultat

2004 har vore eit år med store utfordringar og gode resultat for Høgskulen i Volda.

Dette året har vi gjort viktige erfaringar med konsekvensane av Kvalitetsreforma, og arbeidet med eit heilskapleg kvalitetssystemet har blitt fullført. Vi forventar at resultatane vil vise seg i form av større læringsutbytte for studentane, og betre gjennomstrøyming.

For å skape ein institusjon med høg relevans og kvalitet, har vi sett det som viktig å styrke den faglege verksemda, og utvikle ein meir spissa fagprofil. I 2004 vedtok styret ein ny strategiplan for forskings- og utviklingsarbeid, og det blei sett i gang ei ny mastergrad i spesialpedagogikk. Begge tiltaka vil styrke den faglege profilen til høgskulen. Vi har i dag tre mastergrader, men fleire fagmiljø arbeider med planar om nye mastergrader. Dette gjer det mogleg å gi tilbod om fagleg fordjuping på dei områda vi har grunnutdanningar. Dette vil gjere høgskulen til eit meir interessant fagmiljø både for tilsette, studentane og eksterne samarbeidspartnarar.

I ei tid med nedgang i søkjartala til nokre av våre utdanningar, har fagmiljøa ved høgskulen vist stor kreativitet, og evne til å rette vårt utdanningstilbod inn mot nye grupper og nye behov. Det har også blitt satsa mykje på å integrere informasjons-

og kommunikasjonsteknologi i utdanningsverksemda, både for å legge til rette for nye arbeidsformer, og for å gjere tilbodet tilgjengeleg for nye studentgrupper. Dette førte til at vi i 2004 fekk eit rekordstort opptak.

Høgskulen har i 2004 inngått ei rekkje ny samarbeidsavtalar med utanlandske utdanningsinstitusjonar. Målet har vore å bygge ut eit vesentleg større internasjonalt kontaktnett, som kan gi grunnlag for meir systematisk utveksling av studentar og tilsette. For å styrke tilbodet for studentar som vil studere i Volda, har vi utvikla engelskspråklege studieopplegg, og har som mål at vi skal ha attraktive tilbod innafor alle viktige undervisningsområde.

Høgare utdanning blir i dag sett på som fundamentalt viktig for utviklinga av eit moderne kunnskapsfunn. Utdanning er eit verkemiddel på linje med vegar, råvarer, energi og teknologi, som samfunn og næringsliv treng for å produsere varer og tenester og oppretthalde ein høg levestandard. Dette er eit syn på utdanning, som set innlæring av kunnskap i sentrum, og som har som mål å få nok kompetanse ut av befolkninga. Det er på mange måtar innlysnande i eit samfunn der økono-



misk vekst og velstandsvekst er ei grunnlov, og derfor har det stor gjennomslagskraft. Dette instrumentelle motivet, kunnskap som verkemiddel for næringsliv og samfunnsniv, er ein viktig premis for kravet til omstilling i høgere utdanning. Samtidig er vi ein organisasjon som er medviten våre særlege tradisjonar, som ein kunnskapsinstitusjon med sterk forankring i faglege tradisjonar der danningsspektivet står sentralt. Vi ønskjer å ta dette perspektivet på alvor i den reformprosessen vi no er inne i. Utfordringa er å kunne gjere nødvendige omstillingar utan å gå på akkord med grunnleggande verdiar i høgere utdanning.

Gunnar Stave  
rektor






# Hovudtal

	2004	2003	2002
<b>Faktiske studentar</b> (personar)	2,904	2,826	2,521
<b>Studiepoengproduksjon</b> (60-poengseiningar)	2,132	2,026	1,727
<b>Forsking:</b>			
Artiklar i internasjonale, vitskaplege tidsskrift	10	5	10
Artiklar i nasjonale, vitskaplege tidsskrift	20	9	10
Bøker utgjevne på forlag	14	10	10
<b>Tilsette, årsverk</b>	235	242	233
<b>Totale inntekter</b> (heile tusen kroner)	196,218	191,955	177,635
<b>Sum kostnader</b> (heile tusen kroner)	196,689	196,941	180,363
<b>Resultat</b>	-471	-4,986	-2,728




## SLIK VART MIDLANE NYTTA I 2004



17

## STUDIEPOENGPDUKSJON FRÅ 2001 - 2004





**HØGSKULEN  
I VOLDA**